

# LÅT O' LINK

Nummer 3  
September 2007  
Årgang 17



Tuva Syvertsen og dei to andre medlemene i Valkyrien Allstars, Ola Hilmen og Erik Sollid, improviserte suverent på konserten saman med Lillebjørn Nilsen under Hilme-stemnet. Foto: Knut Aastad Bråten.

- *I f S og NFD må bli eitt, meiner Hilde Bjørkum.*
- *Sol av Isfolket skal skine over Valdres Folkemuseum til sommaren*
- *Slå saman lokallag i Valdres?*
- *Maktmenneske i folkemusikkmiljøet*
- *Maria stuteblåsar – eit gløymt namn i Folkemusikk-Valdres*

# EN SOMMER ER OOOVEER...

syng Kirsti Sparboe i reiseradioen si siste sending når sommaren offisielt er over. Og det er han definitivt ne. For mange har sommaren handla meir om bering og sjauing enn om bading og soling. Eg pratar om Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko. Ein gedigen dugnadsinnsats ligg til grunn for endå ein suksess-sommar i Folkemusikk-Valdres. Så anten du var ein av dei som bar benkar, strekte kablar, spelte fingrane såre, dansa føtene blå, skifta dopapir eller selde vaflar: hjarteleg takk for framifrå innsats!



Eg håpar du har fått kvilt litt på laurbæra, for no går vi ein spanande haust i møte. Bygda Dansar har kome til Oppland og Valdres, med Stian Roland som lokal primus motor. Vi skal arbeide med planane om å få til eit regionalt kompetansesenter for folkemusikk i Valdres. Neste års oppsetjing av Sol av Isfolket med Leif Stinnerbom som regissør vil tiltrekke seg både folkemusikarar og -dansarar. Nye midlar skal delast ut til nye søkerar gjennom tilskotsordninga «Folkemusikk i notid og framtid». Og vi må ta diskusjonen om organisasjonsstrukturen kring Jørn Hilme-stemnet og Strunkeveko.

Sentralt i alt som skal skje står lokallaga. Det er de som ber ansvaret for alle gode aktivitetar gjennom året. Valdres folkemusikklag skal vera ein støttespelar for dette arbeidet. Vi gler oss til ein innhaldsrik haust!

Med venleg helsing Alice Gudheim

**FRIST FOR STOFF TIL LÅT O' LINK 2007**

**4/2007: 15. november**

Låt o' Link er eit frittståande folkemusikktidsskrift og meldingsblad for Valdres folkemusikklag.

Redaksjon for Låt o' Link: Aud Søyland, Knut Aastad Bråten og Ole Aastad Bråten.

Alle foto der ikkje anna er notert: Knut Aastad Bråten.

Formgjeving: Nils Leine. Trykk: Solveig Hårdnes. Opplag: 400

Ta gjerne kontakt med redaksjonen på tlf. 990 37 584 eller på e-post [aud.soyland@bbnett.no](mailto:aud.soyland@bbnett.no)

# FOLKEMUSIKKORGANISASJONANE BØR SAMLE SEG

## – Overmoden for debatt

Mektige personar i folkemusikkhierarkiet har i seinare tid teke til orde for å endre organisasjonskartet for norsk folkemusikk og folkedans. Kreative og konstruktive lesarbrev i Spelemannsbladet den siste tida syner dette. Ei av dei mest seriøse i debatten så langt er direktøren for Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Hilde Bjørkum. Ho fortel i eit eksklusivt intervju med Låt o' Link at folkemusikken i landet rett og slett står sterke om ein slår seg i hop.

– Vi kan utnytte både personal- og driftsressursar betre ved å gå saman, og eg er overtydd om at det også vil få positive utslag i høve til løvvingar frå staten. Sjå berre på kva utteljing jazzmiljøet har fått etter samanslåing til Norsk Jazzforum! Noverande MFO (Musikernes fellesorganisasjon) er òg ei samanslåing av fleire fagforeiningar, og dei vart med det ein

sterk og slagkraftig organisasjon. Det har vore snakk om å dele ansvar og oppgåver mellom organisasjonane, men så like som dei framstår, vil dei uansett stå i ein konkurransesituasjon i høve til kvarandre, om offentlege midlar, om prestisjefylte prosjekt, om å vere den rette til å ha det ansvaret eller den oppgåva. Både til ålmenta og til offentlege styremakter er det svært vanskeleg å forklare den situasjonen vi er i dag organisasjonsmessig. Nei, hiv prestisjen over bord og tenk på kva som er best for folkemusikken, seier Bjørkum til Låt o' Link.

– Kva kan lokallaga og medlemmer i LfS gjere for å endre organisasjonskartet?

– Lokallaga og medlemene kan drøfte dette i sine eigne lokallag – kva er best for oss? Dei kan òg be LfS ta opp saka til drøfting på årsmøtet sitt. Denne saka er nærmast overmoden for debatt! Fyr laus, seier kruttønna frå Naddvik utanfor Årdal.



*Tid for endring: Hilde Bjørkum ber valdrisane fyre laus på årsmøtet i LfS!*

## ÅRSMØTE LANDSLAGET FOR SPELEMENN

Dato for årsmøtet i LfS er 2.–4. november, i Sandvika utanfor Oslo. Bærums spelemannslag er vertskap for arrangementet.

Styret i Valdres folkemusikklag håper at lokallaga i Valdres stiller med representantar til møtet, slik at me møter mannsterke frå regionen. Ei slik samling er også verdifull for å oppdatere seg på kva paraplyorganisasjonen vår tek seg av, ein kan fremme sine meningar og ynske, det er inspirerande, og det er også ein god sjanse til å få kontakt med dei andre laga.

Meir informasjon blir tilsend frå LfS.

# VELLYKKA JØRN HILME NOK EIN GONG



Kurs på Jørn Hilme-stemnet.

Stemninga har nok vore like høg, dansespelet like godt og gutane like kjekke. Vi vågar likevel setje eit merke ved Jørn Hilme-stemnet 2007. Aldri har så mange besøkt arrangementa under festivalen. Det samla talet landa på om lag 9000. Dette er 1500 fleire enn i fjar. Både konsertar, dans, kappleik og kurs har trekt mykje folk, og laurdag kveld besøkte heile 1500 Valdres Folkemuseum. Mange av «nykomarane» ser ut til å vera kulturinteresserte folk som fyrt dei siste åra har skjønt at stemnet kan vera noko for dei òg. Før i veka hadde dei kan

hende fått med seg konserten på Jaslangen og kyrkjekonserten i Bruflat, på Filefjell eller i Hedalen. Laurdagskvelden kom dei for å høyre Valkyrien og Lillebjørn, og dei fleste vart verande på museet utover kvelden og natta. Vi er glade for å sjå dei, for vi har mykje å by på! For mange av dei tilreisande er heilt klart dansen, opplevingane og atmosfæren på museet kveldstid noko av det som dreg dei attende år etter år.

Om lag 200 deltok på Kappleiken laurdag og sundag. Dette ligg på nivå med deltakinga dei seinare åra. Vandrepromen Røinibøgen, gjeven av bogemakar Niels J. Røine, blir verande i Valdres for godt. Jan Beitoaugen Granli frå Øystre Slidre vann hardingfele klasse A på Hilme-stemnet for tredje gong, og sikra seg dermed den ettertrakta premien. I dans hardingfele klasse B gjekk Silje Onstad Hålien frå Valdreskvelven spel- og dansarlag og Frode Rolandsgard frå Vestre Slidre spel- og dansarlag til topps. Klassa langeleik solo senior vart vunnen av Lise Lunde Brennhagen frå Vårflaumen spel- og dansarlag. I vokal folkemusikk klasse B kiva to øystreslidringar om topplasseringa. Her slo Ingvild Lie Stian Roland med eitt poeng.


– Folk trivst på Jørn Hilme-stemnet. Vi har tilbod til eit breitt publikum, og får tilbakemeldingar om at vi held svært høgt nivå både på den tradisjonelle og den nyskapande delen av programmet. Talet på arrangement og besökande er mykje høgre enn tidlegare, men takk vera ein stor frivillig innsats har den tekniske gjennomføringa av festivalen glide svært godt. Med så mange besøk på arrangementa vart det også eit godt økonomisk resultat i år.

Resultatlistene frå kappleiken ligg ute på [www.hilme.no](http://www.hilme.no). Her finn de òg pressebilde frå festivalen.

Har du spørsmål, kontakt informasjonsmedarbeidar Kari Hauge på telefon 993 29 342.



Galleriopning hjå Eva Laila Hilsen



**Nils Rogn, gardbrukar,  
Tørpegardane**

Blant mange høgdepunkt vil eg velja ut konserten med Jan Arne Sebuødegård, Ingebjørg Haugene og Engebret Ringen i Flatøygardbygningen seint laurdagsvelden – fordi dette vart eit gjenhøyr med mange av runddansslåttane frå ei fjern (?) ungdomstid! Synd det ikkje var danseplass!



**Silje Onstad Hålien,  
Oslo/Vang.**

Fredag kveld på Slidrehuset! Djævelsk bra musikk, herlege folk og danseopplevelsa som ikkje likna noko e har vore borti før!



**Jan Beitoaugen Granli,  
Rogne**

Jubileumskonserten for Strunkeveko på fredag kveld var veldig underhaldande!

## LEA DE – BYGDA DANSAR I OPPLAND

Bygda dansar i Oppland har akkurat starta opp og skal vere til og med sommaren 2010. Namnet blir «*Lea de*». Sjå [www.rff-sentret.no](http://www.rff-sentret.no)

Sigurd Johan Heide frå Grytøya i Troms er tilsett som prosjektleiar. Han har base på Rff-sentret i Trondheim. Stian Johan Roland frå Valdres er tilsett som lokal prosjektmedarbeidar. Egil Bakka er prosjektansvarleg.

Det blir informasjonsmøte for miljøet i Oppland helga 22.–23.9. på Vinstra vidaregåande skule. Målet denne hausten er å få så mange ungdommar som mogleg til å høyre om, og bli med i *Lea de*. Stian og Sigurd med fleire dreg på ein miniturné. Ein litt større turné kjem i mars 2008. Gjøvik vgs, Valdres vgs og Vinstra vgs skal iallfall få besök, og *Lea de* vil gjerne ha kontakt med fleire.

### Helgesamling for ungdom 12.–14. oktober

*Lea de* arrangerer den første helgesamlinga for ungdom i fylket 12.–14.10. Det blir ei helg fylt med dansar frå fylket, og prosjektleiinga står for instruksjonen. Dei treng ikkje å ha dansa/spelt noko frå før, og kost og losji er heilt gratis! Reiseutgifter må ungdommane dekkje sjølv.

### Kontaktinformasjon:

Sigurd Johan Heide på telefon 958 79 078 eller e-post [sigurd.johan.heide@hf.ntnu.no](mailto:sigurd.johan.heide@hf.ntnu.no), eller til Stian Johan Roland på telefon 902 77 690 eller e-post [rolandstian@hotmail.com](mailto:rolandstian@hotmail.com)

# SOL AV ISFOLKET

Sol av Isfolket skrid sikkert framover. Merk deg urpremieren fyrst som sist, 9. august i 2008. Målet er klart: Sol av Isfolket skal bli eit av høgdepunkta blant norske friluftsspel. Ei handfull profesjonelle skodespelarar er no på plass. Det same er musikarar og ei mengd lokale amatørskodespelarar. Den kunstnariske leiinga av Sol av Isfolket skulle vera kjent for dei fleste. Regien sit hjå Leif Stinnerbom, og manus er skrive av Eldgrim Springgard.

Sol av Isfolket er basert på dei tre fyrste bøkene i serien *Sagaen om Isfolket* av Margit Sandemo. Sol av Isfolket blir til dagleg leidd av eit produksjonsstyret. Her sit Alice Gudheim, Siv Anette Mæhlum, Ole Aastad Bråten og Torveig Dahl.

## *Friviljuge i arbeid*

Mange detaljar står att før Paul Ottar Haga, Marit Karlberg, Jan Beitoaugen Granli og andre stjerner kan entre scenen i 2008. Er du til dømes god med nål og tråd, har vi plass til deg i Sol av Isfolket si eiga systogo. På nyåret startar produksjonen eit hundretals kostyme. Her treng Sol av Isfolket ei mengd friviljuge! Kostyma er designa av Inger Hallström Stinnerbom. Ho er ei av dei fremste kostymedesignarane i Sverige og let seg ofte inspirere av eldre folkedrakter og norrøn mystikk.

## *Amatørskodespelarar*

8. og 9. september var det prøvespeling for lokale amatørskodespelarar. Sol av Isfolket treng om lag 60 slike skodespelarar, og ei av dei som møtte på audition, var Ingebjørg Persvold Ranheim frå Garlibygd. Ho er frå før kjent som dansar, songar og langeleikspelar. Denne gongen var det teaterkunsten ho skulle prøve seg på, noko ho gjorde med glans. – Eg skulle spele Sol, og så skulle han (red. Leif Stinnerbom) vera mor mi som plutselig døydde. Eg skulle liksom bli redd og lei meg, seier Ingebjørg, som på ingen måte lir av sceneskrekks.

– Eg gruer meg kanskje litt likevel, fordi det er så mange som skal sjå på, men når eg har gjort det eit par gonger, trur eg det blir morosamt, seier Ingebjørg. Ung alder til trass, Ingebjørg har lang fartstid frå teaterscenene. I tre år har ho vore tilknytt skodespelarensemblet på Fagernes barneteater.

Har du spørsmål om Sol av Isfolket? Ring produksjonsstyret og spør etter Alice, Siv Anette eller Ole. Telefon: 61 35 99 11.



*Margit ser fram til at bøkene hennar skal bli teater i Valdres.*

# **NORD-AURDAL KULTURSKOLE MED UTVIDA TILBOD PÅ FAGERNES SKOLE**

Kulturskulen er eit godt innarbeidd tilbod i kommunen. I 2008 kan ein sjå attende på 25 års erfaring, og tilboda er stadig aukande. I jubileumsåret er det rundt 170 elevar. Nytt i år er eit spesielt tilbod for 3. og 4. klasse ved Fagernes skole. Onsdagane har elevane kort skuledag, men får ikkje buss-skyss heim før kl. 14. Dette er eit unikt høve til å la elevane møte ulike kulturuttrykk denne timen, og oppfylle eit ynske om å få meir kultur inn i skulen. Dei blir kjende med lærarar i kulturskulen, dei får prøve seg på ulike instrument og dans, møter ulike genrar, og kan kanskje lettare velja retning når dei sjølve melder seg som ordinær elev i kulturskulen.

Ein må sei prosjektet er på prøvestadiet enno, etter berre tre møte med elevane. Det er obligatorisk, og det er krevjande å finne ein modell som kan fengje alle. Elevane skal rullere mellom fem grupper: leikarring med Sigrun Bjørgo, kornett med Bjørn Magne Nyhagen, althorn med rektor Jon Gjesdal, hardingfele og godkarstykke med Jan Beitoaugen Granli og langeleik med Oddrun Hegge. Grunnen til å satse på desse instrumenta er å skaffe rekruttar til folkemusikken og korpsa. Leikarring, dans og song er eit fint middel for å forstå musikk og rytmē.

Tilboden er gratis for elevane, og det er eit samarbeid med Vårflaumen spel- og dansarlag, som stiller med instrument.

Det blir artig å sjå om frøa som blir sådde i haust og vinter, spirer i mars når påmeldingsfristen til kulturskulen går ut.

*Oddrun Hegge*

---

# **NORD-AURDAL KULTURSKOLE**

## **Ola fra Volbu**

Nord-Aurdal kulturskole, på vegne av kulturskoler i Valdres, fikk utviklingsmidler fra Norsk kulturskoleråd til et regionalt prosjekt, som handler om dette:

Jan og en danser reiser til barneskolene og lar elever i mindre grupper få prøve seg på enkle aktiviteter, fele og laus. Jan samler interesserte til mer kursing på kveldstid. Flere skoler har hatt prosjektet, men noen gjenstår.

## **Dans og spel med Ola**

Nord-Aurdal kulturskole, på vegne av kulturskolene i Valdres, fikk utviklingsmidler også til dette prosjektet.

Jan med dansere reiser videre til elevgrupper i barneskoler, ungdomsskoler og kulturskoler. Tema er fele og laus, med mer vekt på dans, og med muligheter for tettere opplæring. Dette skal gjennomføres i løpet av skoleåret 2007/2008.

*Jon Gjesdal*

# PRIMSTAVEN



## Viktige datoar:

- 27.–29.9. Folkelarm 2007, Cosmopolite og Belleville i Oslo  
[www.folkelarm.no](http://www.folkelarm.no)
- 01.10. Frist for å søke Frifond-midlar, LfS
- 01.10. Frist for å søkje prosjektmidlar i Valdres
- 18.10. Diskusjonsforum i Valdres folkemusikkklag
- 19.10. Grovaste spelemenn vestpå, konsert på Fagerlund Hotell
- 19.–21.10. Representantskapsmøte i Rådet for folkemusikk og folkedans, Trondheim

## Vestre Slidre:

Danseøvingar på **Kvamshall** onsdagane 10. og 24. oktober, 7. og 21. november. Alle kveldar kl. 19.30. Røynde og urøynde er velkomne til dans og hyggjeleg samvere.

**Plateslepp og rakkfiskfest 1. desember.** Vestreslidringen og hardingfelespelemannen Ola Reishagen (Oscar Hamry) utvandra til USA først på 1900-talet. Opptak av musikken hans og filmsnutt av to dansepar fra 1939 er kome tilbake til Vestre Slidre. «ta:lik» står for utgjevinga.

## Øystre Slidre:

**Fredagsdans i Spelemannstogo** den fyrste fredagen i kvar månad. Nærare program for hausten kjem snart.

## Etnedal:

**Hallingkurs** med Gunnar Amundsen og Magne Olav Selland fylgjer opp danseseksessen frå i vår. I oktober blir det kurs i hallingdans for guitar og jenter i alderen 10–16 år på Etnedal skule. Ti ungar deltok på kurset i vår, og instruktør Gunnar Amundsen er ikkje i tvil: – Det er mange talent i Etnedal no, og eg er svært glad for at lausdans er forankra i den nye kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet i Etnedal for perioden 2008–2011. Dei store resultata får me truleg om ikkje altfor lenge, seier Amundsen i ein kommentar til magasinet *Låt o' Link*.

Dei som ynskjer meir informasjon om kurset, kan ringe Etnedal kommune på telefon 61 12 13 50 eller sende ein e-post til [o.braaten@etnedal.kommune.no](mailto:o.braaten@etnedal.kommune.no)

**Hemsing-systrene til Etnedal** onsdag 12. desember i Bruflat kyrkje. Aurdalsjentene har lenge venta på ein invitasjon frå Etnedal. No får dei endeleg sjansen.

Bruflat kyrkje har vorte ei populær konsertkyrkje. For eitt år sidan gjesta det verdsberømte koret Grex Vocalis den gamle kyrkja på Bruflat. I sumar Bergtok Berit Opheim, Nils Henrik Asheim, Marit Karlberg og Håkon Asheim med Maria-musikk. No er turen altså komen til Hemsing-systrene. Bruflat kyrkje er forresten ei av dei eldste tømmerkyrkjene i Valdres. Ho vart truleg bygd i 1641. Korsforma fekk ho på 1750-talet. Meir informasjon om konserten og kyrkja finn du på [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no)



## **Valdreslaget i Oslo:**

**Øving** i Valdreslaget annankvar måndag frå 3. september.

**Nybyrjarkurs i valdresspringar** frå 24. september 2007 og åtte måndagar framover kl.18–19.30. Stad: Halli, Nordahl Bruns g. 22, instruktør: Arne Bäckmark, speleemann: Hilde Kirkebøen. Pris: kr 300 for medlemmer/studentar, kr 450 for ikkje-medlemmer. Påmelding til [b.totland@c2i.net](mailto:b.totland@c2i.net) eller ved frammøte

**Buvollen** har mange venner i Valdres. Nå er hytta pusset opp både inne og ute. Ferdige er vi ikke, men vi er kommet langt på vei. Blant annet har vi laget ny flott danseplattning, ny brygge, badeflåte, overbygg ved kjøkkendøra. Det er malt ute, og inne er tre av fire rom pusset opp. Nye takrenner er vi langt på vei ferdige med. I kjelleren er det laget kasse som er musettet. Selve hytta tror vi nå er musettet.

Hilsen hyttekomiteen v/Liv Nystrøm



## **Valdres folkemusikklag:**

**Diskusjonsforum** torsdag 18. oktober kl. 19.00 på loftet i administrasjonsbygget på museet.

Orienteringar om: «Bygda dansar» og Regionalt kompetansesenter for folkemusikk og folkedans i Valdres.

Diskusjonstema: Lokalkappleiken 2008

## **Hallingdal:**


### **Ungdomsfest på Hugnadheim på Torpo 20. oktober 2007 kl. 20.00–01.00**

20. oktober må alle danseglaide ungdommar koma til Torpo. Vi slår til med musikk ved Hallingdal Kraftlag, eit av dei beste gammaldansorkestra i landet. Målgruppa er frå ungdom som har begynt på ungdomsskula, og til dei opp i 20-åra. Om nokon er usikre på dansesteg, er det gratis lynkurs i gammaldans på Hugnadheim frå kl. 18.00. same kvelden. Treng nokon overnatting, fiksar vi truleg det også. Foreldre eller andre som køyrer, er sjølvsagt velkomne på festen. Arrangementet er rusfritt. Inngang kr 100,-

Kontaktperson: Martin Myhr, 911 94 081

*Maledugnad på Buvollen*

*Fotograf: Liv Nystrøm*



# Mjølkerampa

## \*ALARM!\*

Solveig Hårdnes sit og kontrollerer heile Folkemusikk-Norge. Ho har dei skumle hendene sine på både Hilme-stemnet, folkemusikkklaget, cd-utgjevingar, framsyningane laus, kruk og promp, trykking av Låt o' Link og kompetansesenteret, folkemusikkscena, distriktsmusikarpengane og datamaskina til Vfl. Dessutan overstyrer ho Stian og leflar med Anne Marit og Alice. Og kva med Aud Søyland? Aud Søyland med familie har full kontroll over Medie-Valdres. Både Låt o' Link og Valdres! Ungane hennar kontrollerer Valdres vidaregåande, og Kjellbjørn tek kontrollen i Rauland.

**Alarm, på vegner av vanvittig mange (98 %)**

## KVA VIL ME MED LOKALLAGA?

Øystre Slidre spel- og dansarlag er lokomotivet blant lokallaga i Valdres. Elles er det langvarig sjukelei og kraftig intravenøs som gjeld for dei andre laga. Låt o' Link inviterer no til ordskifte. Treng me seks lokallag? Kva vil me eigentleg med lokallaga?

Herangtunet er magneten for dansekåte i heile Valdres. Slik har det vore i mange år, og anten ein er nordaurdøl, vestreslidring eller beiting, dreg ein med glede til tunet i Øystre. Ingen syter over lang køyring eller ureinslege øystreslidringar. Kvifor? Vellukka lag og foreiningar treng gode rammer omkring aktiviteten. Herangtunet er ei slik vellukka ramme. Her er alle like, alle like mykje verd, sjølv byfolk frå Fagernes kjänner at dei er velkomne. Avstandane blir stadig stuttare, mentalt så vel som i fysisk forstand. Vegane blir betre, bilane raskare. Likevel føler styremedlemmer i lokallaga at dei lyt halde liv i eit lag med tilknyting til heimkommunen. Kvifor tvihalde på desse innhaldslause organisasjonane? Gamletida er forbi.

Avstanden mellom Fagernesbyen og kommunegrensa til Vang er i dag nøyaktig 30 minutt. Dersom ein til dømes slår saman lokallag i vest (Nord-Aurdal, Vestre Slidre og Vang) og møtest på midten, blir ikkje orket med å reise til Ulnes, til dømes, større enn å reise til Herang ein gong i månaden. Dette gjeld sjølv sagt ikkje medlemslaga i sør (Etnedal og Sør-Aurdal), men lat oss no konsentrere oss om kjernelaga i nord.

Eg bed laga i kommunane Vang, Vestre Slidre, Øystre Slidre og Nord-Aurdal vurdere eventuell samanslåing. Dette vil lette arbeidet med å finne viljige styremedlemmer, og det vil gjera både laget og aktiviteten meir interessant.

*Truls i Tørrispllassen*

## TA I BRUK

### SOLABU

Sundag 9. september arrangerte Vennelaget for Valdres Folkemuseum tur til fire forsamlingshus i Nord-Aurdal. Bakgrunnen var markeringa av kulturminnedenagen i 2007. «Til glede og besvær – forsamlingshusets historie» var tema for kulturminnedenagen i år. På Solabu i Ulnes venta Kirsten Inga Kamrud og fleire av venene hennes. Og for den som framleis trur Solabu er ei roten rønne i fjordkanten, må tru om att! Kirsten Inga og dugnadsgjengen har skrapa, måla, skifta golv og glas, i seks år. 2000 dugnadstimer har dei brukt, og ærverdige Solabu er omskapt til eit smykke. Eg tenkjer vidare. Solabu vil vera ei glimrande ramme for festar, konserter, kurs, møte og lokalkappleik. Solabu er som skapt for store musikkopplevingar. Akustikken upåklageleg.



*Solabu. Foto: Kirsten Inga Kamrud*

Eg oppmodar lag og privatpersonar: Er du i beit for eit forsamlingshus? Ta kontakt med Kirsten Inga Kamrud og dugnadsgjengen på Solabu.

*Ole*

PS: Kanskje treng dei og ei hjelpende hand i sluttspurten av restaureringa?

### HELSING FRÅ RAULAND

Haustsemesteret på folkemusikklinna ved Høgskulen i Rauland er godt i gang. Rundt tretti folkemusikkstudentar er samla her for å besudle det gode gamle tradisjonsspelet med hovudlaus arrangering og udelikat komp. Sjeldan får ein høve til å stille fela over b, slik at alt spel blir grumsete og uforståeleg.

Når dette er sagt, er dette ein ypparleg stad for unge (og gamle) studentar som vil tilegne seg kunnskap både innanfor slåttespel, og i tillegg få innblikk i dei meir teoretiske delane av emnet. Me spelar mykje også utanfor skulesamanheng, og nyttar ofte høvet til å besøke både gamle og unge «meisterspilemennar» i både Telemark og Setesdal. Eg kan på det sterke tilrå andre studielystne folkemusikkarar og -kunstnarar å ta eit år her «oppunder verdas tak».

*Kjellbjørn Karsrud*

# Kommentar:

Låt O Link utfordrar folkemusikkinteresserte til å skrive kommentarar i bladet. Denne kommentaren er skriven av Knut Aastad Bråten. Han sender stafettpinnen vidare til meisterdansaren Bjørn Strand frå Strønd til å skrive neste kommentar i bladet.

## MANGFALDSÅRET 2008 – TEK VI UTFORDRINGA?

2008 er kulturelt mangfaldsår i Noreg. Kva betyr eigentleg det? Så vidt eg har skjønt, er mangfaldsåret eit statleg forsøk på å syne det kulturelle mangfaldet i Noreg. Enkelt og greitt. Statsråd Giske har til no gjort unna festtalene og manar no kulturinstitusjonane til å arbeide for det kulturelle mangfaldet. Ingen er sjølv sagt ueinig i festtalene til Giske. Så å seie alle helsar intensjonane til Giske velkomne. Men arbeidet for det kulturelle mangfaldet gjer seg ikkje sjølv. Giske rir den same populismen når han meiner kulturinstitusjonane og organisasjonane må finne rom for det kulturelle mangfaldet på dei ordinære budsjettet sine. Til no har Giske løyvd knappe to millionar kroner til førebuingane av det kulturelle mangfaldsåret. Det blir spanande å sjå om festtalene og ideane til Giske ber frukter i det komande året. Seriøse tiltak fortener ikkje å strande på grunn av useriøse og gjerrige statsrådar.

Men sjølv om Giske snører att pengesekken, er markeringa av det kulturelle mangfaldsåret eit viktig tiltak som Folkemusikk-Valdres skal ta på alvor. Spørsmålet blir: kva kan vi gjere for det kulturelle mangfaldet her i Valdres? Eg trur svaret er todelt.

I ein stadig meir kommersialisert populærkultur blir folkemusikken og -dansen skyvde meir og meir bort frå det kulturelle selskapet. Folkemusikken og -dansen er framleis eit marginalisert kulturuttrykk, framand for dei fleste, eksotisk og merkeleg, gamalmodig og gått ut på dato. Norsk folkemusikk og -dans blir til dømes sjeldan eller aldri via merksemid i media, iallfall ikkje i riksmedia. Vi tek fram fela fordi vi må – ikkje fordi fela isolert sett har ein eigenverdi. Norsk folkemusikk og folkedans må med andre ord arbeide for å bli inkludert i det kulturelle fellesskapet. Vi må syne at vi også høyrer heime i floraen av kulturelle uttrykk.

Vidare har vi eit ansvar for å inkludere fleire i vårt miljø. Folkemusikken har, trass i det lokale særpreget, eit internasjonalt språk på tvers av kulturelle grenser og motsetnader. I Valdres har vi fleire asylmottak, både i Røn og i Vang. Korleis kan vi bruke folkemusikken og -dansen til å inkludere bebuarane på desse mottaka i vår kultur? Kan vi til dømes arrangere dansekurs for bygdefolk og asylsøkjrarar på asylmottaka, eller kva med eit songkurs for dei minste?

Eg vonar Folkemusikk-Valdres tek Mangfaldsåret på alvor, definerer seg inn i det etablerte kulturlivet samstundes som me gjev rom og plass til nye grupper.

*Knut Aastad Bråten*

## **PROSJEKTMIDLAR – REGIONALE FOLKEMUSIKKTILTAK I VALDRES**

Kommunane i Valdres og Oppland fylkeskommune har løyvd midlar til produksjon og formidling av folkemusikk og dans i Valdres i 2007–2009. Støtta skal gå til del- eller fullfinansiering av prosjekt med einskildpersonar eller grupper som syng, spelar og dansar i valdrestradisjon.

*Prosjekt retta mot barn og unge vil bli prioritert.*

Send søknad til Folkemusikkarkivaren, Valdresmusea,  
Tyinv. 27, 2900 Fagernes innan 1. oktober 2007.

Spørsmål kan rettast til Folkemusikkarkivet,  
mob. 900 45 634 el. [elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no](mailto:elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no)

### **Grovaste spelemennene vestpå**

Konsert med Håkon Høgemo, Frank Rolland og Synnøve S. Bjørset



*Synnøve Bjørset*

Tradisjonelt solospel på hardingfele – noko av det råaste norsk musikk har å by på!

Dei lovar godt spel og gode historier utan frökennykker eller blygsel.

Vårflaumen spel- og dansarlag inviterer til dans etter konserten.

Fagerlund Hotell fredag 19. oktober kl. 20.00

Inngang kr. 100,- / kr. 70,-

### **Søke Frifond-midlar**

1. oktober er fristen for å søke støtte frå Frifond-folkemusikk. Her kan lokallaga søkje midlar til barne- og ungdomsaktivitet. Informasjon er send til alle lokallaga frå Lfs.

Søknadsskjema finn de også på nettsidene til Lfs:

[www.folkemusikk.no](http://www.folkemusikk.no), gå inn på «Lag» > «finne pengar» > «Frifond»

For meir informasjon kontakt Landslaget for spelemenn tlf. 22 00 56 22 / 22 00 56 20, E-post [magnar@folkemusikk.no](mailto:magnar@folkemusikk.no)

### **Nettsidene**

Fylg med på nettsidene til Valdres folkemusikklag [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no)  
Send gjerne aktuelt stoff som me kan legge ut på sidene.

## Landbruksforsikring

Vi kan ordne alle forsikringar  
for gardbrukarar,

- Bolighus
- Driftsbygningar
- Løsøre
- Husdyr
- Traktorar
- Ulykke

Ta kontakt med din lokale  
sparebank eller Torbjørn  
Langådegård ved vårt felles  
salgskontor på Fagernes



## Livsforsikring

Vi kan dekke alle dine behov  
for forsikring av liv og helse

- Død
- Uførekapital
- Uførepensjon
- Operasjonsforsikring
- Kritisk sjukdom
- Barneforsikring

Ta kontakt med din lokale  
sparebank. Hvis du ikkje er  
kunde i ein av sparebankane så  
ta kontakt med vårt felles  
salgskontor på  
Fagernes

## Private forsikringar

Vi kan ordne alle forsikringar  
for privatkundar

- Bolighus
- Biler
- Fritidseiendommar
- Motorsykkel / moped
- Reiseforsikring
- Verdiginstanadar

Ta kontakt med din lokale  
sparebank. Hvis du ikkje er  
kunde i ein av sparebankane så  
ta kontakt med vårt felles  
salgskontor på Fagernes



- Etnedal Sparebank – tlf. 61121500 – [www.etnedalsparebank.no](http://www.etnedalsparebank.no)  
Vang Sparebank – tlf. 61367600 – [www.vang-spb.no](http://www.vang-spb.no)  
Vestre Slidre Sparebank – tlf. 61343600 – [www.slidrebanken.no](http://www.slidrebanken.no)  
Øystre Slidre Sparebank – tlf. 61340950 – [www.osbank.no](http://www.osbank.no)  
Salgskontor Fagernes – tlf. 61366638 – [www.sparebankgruppa.no](http://www.sparebankgruppa.no)

## På sporet av kvinnelege førebilete i Folkemusikk-Valdres (V)

### MARIA STUTELÅTAR

Valdres har fostra mange gode langeleikspelarar, songarar og ikkje minst dansarar. Stutelåtarane, derimot, høyrer vi mindre om. Men i Valdres Bygdebok bind 6 kan ein lesa ei artig historie om kvinnelege stutelåtarar. Maria Berntbruket var ein av dei. I bygdeboka står det: «Maria Berntbruket var og flink til å blåse på stat. Bruket låg tett ved Stokkebrynen ova Fagernes. Når det var dyresjå på Fagernes, møtte ho Maria fram med stuten sin og bles til underhaldning for folk, og fordi dei skulle dra seg saman. Det er sagt at det var dyrlækjar Bolleng som fekk ho til det. Når Maria hadde blese, gjekk Bolleng med ein hatt rundt og samla pengar åt henne, for det var smått med huslyden hennar, så ho trong såre vel denne hjelpi. Og det visste Bolleng.

Då Maria fekk høyre at Bolleng skulle fara, gjekk ho stad takka han og sa: 'Hu! Hu! Ko sko mø ha te Bolleng, når du reise då!'

Han svara: 'Du kan vera trygg, Maria! De bi nok Bolleng att.'

Når ein stod på jordet på Ranheim, høyrde ein godt Maria bles i bukkehorn nede på Fagernes. Ho fekk til fine låtar.»

Kjelde for desse opplysningane har vore «O. E. Ranum, Ø.S., sidan N. A.»

I det førebels manuset til gardsbok for Nord-Aurdal står det ein del opplysningar om Maria og familien hennar. Ifylge manuset er Maria Kristiansdotter og mannen hennar Bernt Berntsson registrert som husmannsfolk i Berntslassen, ein plass under plassen Husaplassen (gnr. 18/33). Husaplassen var sjølv plass under garden Stokkebrynen i Ranheimsbygde. Ti år seinare, i 1875, er Maria og Bernt registrert som husmannsfolk i Dokken (gnr. 18/29) under Haugen i Ranheimsbygde. Her står det at Marie Kristiansdotter Garlieige (er det same som plassen Hallen under Garli) kjem frå Saltmyrbakkin i Etnedal (gnr. 29). Ho var fødd i 1816 og gifta seg i 1841 med Bernt Berntsson (1809–1899) frå Nørre Bø i Aurdal. Bernt hadde vore gift tidlegare, og Maria var såleis andre kjeringe hans. I papira står det også at Maria var dotter til Kristian Knutsson Grøndalen frå nørre Grøndalen og Marit Arnesdøtter Åbjør, død i Hallen. Maria og Bernt fekk til saman sju born.




Knut Aastad Bråten

## Nyttige nann og nummer

Lag	Leiar/kontaktperson	Telefon	Mobiltelefon	E-post
Begnaljom spel- og dansarlag	Trygve Bolstad	61 34 96 94 (p)	959 73 004	
Einedal spel- og dansarlag	Ellen Wiborg Sannerud	61 12 11 94	959 01 967	
Valdreskvævelen spel- og dansarlag	Ivar Hemsing	61 36 74 02 (p)	481 28 610	hemsing@c2i.net
Valdreslaget i Oslo	Elisabeth Bring	22 13 79 64 (p)		elisabeth.bring@c2i.net
V. Slidre folkemusikk- og danselag	Randi For	61 34 42 10	915 77 695	randifor@online.no
Vårflaumen spel- og dansarlag	Gunnar Kværne Amundsen		971 85 725	bjelleguten@hotmail.com
Øystre Slidre spel- og dansarlag	Sissel Dale Lie	61 34 12 45 (p)	905 92 240	sissi-lie@online.no
Valdres folkemusikklag	Alice Gudheim		971 81 545	alice_gudheim@hotmail.com
Låt o' Link, redaktør	Aud Sayland	61 36 25 56	990 37 584	aud.soyland@jbonett.no
Vfl og JH-stemmet, dagleg leiar	Solveig Hårdnes	61 36 46 71 (a)	905 12 055	post@valdresfolkemusikklag.no info@valdresfolkemusikklag.no presse@jilme.no
JH-stemmet, infoleiar	Kari Hauge		993 29 342	
JH-stemmet, styreleiar	Karen Marie Kvåle Garthus	61 34 75 67 (p)	480 25 964	kma-kvaat@online.no
Strunkeveko, dagleg leiar	Sian Roland		994 48 486	leiar@strunkeveko.no
Strunkeveko, styreleiar	Ole Aastad Bråten		907 63 635	oabratei@online.no
Valtag i tradisjonsdans	Sian Roland		907 22 690	rolandstian@hotmail.com
Valdres folkemusikkarkiv	Elisabeth Kværne	61 35 99 32 (a)	900 45 834	elisabeth.kvaerne@valdres.museum.no
Instrumentverkstaden	Knut Opheimsbakken	61 35 99 30 (a)		
	Oddrun Hegge	61 35 99 30 (a)		
	Randi Skeie	61 26 10 42 (p)		
LFS	Magnar Sundt	995 22 538		randi.skeie@folkemusikk.com
LFS, dagleg leiar	Knut Aastad Bråten	22 42 45 30 (a)	950 85 647	ifs@folkemusikk.no
Spelmannsbladet			907 68 797	spelmannsbladet@folkemusikk.no

**B**



RETURADRESSE:

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG, TYINVEGEN 27, 2900 FAGERNES